

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 17/269 -  
Arkivkode: 580

---

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 29/17	FORMANNSKAPET	19.04.2017

### HØYRING - SØKNAD OM KONSESJON FOR VASSUTTAK - ONARHEIMSVASSDRAGET

**Vedlegg:** Høyringsbrev NVE søknad Onarheim bruk AS.  
Onarheim bruk AS søknad om konsesjon etter vassressurslovas § 8.

### SAKSUTGREIING:

Tysnes kommune er i ekspedisjon frå NVE 13.02.17 bedt om uttale til søknad frå Alsaker Fjordbruk AS om uttak av vatn frå Onarheims elva og regulering av Onarheims vatnet.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve med heimel i § 8 ( konsesjonspliktige tiltak) i denne lov.

Det vert søkt om uttak av vatn, 170 l/s frå kote 24 i Onarheimselva.  
Onarheimsvatnet er søkt regulert mellom kote 111 og 112,5 og det skal vera ein minstevassføring i elva forbi inntaket på 70 l/s heile året.

Søkjjar har dei privatrettslege avtalar på plass.

Tysnes kommune er bedt om uttale knytt til kommuneplan, andre kommunale planar konsekvens for ålmentas interesse i området.

Onarheimsvatnet og elva er i kommuneplan sin arealdel vist som LNF – område ned mot areal som er regulert til område for vassinntak i detaljregulering for Alsaker Fjordbruk AS.

I kommuneplanen sine generelle føresegn for Flatråker, Uggdal og Onarheimselva gjeld ei byggjegrænse på 50 m på begge sider, nye tiltak i elva vil difor utløysa krav om dispensasjon frå Plan og bygningslova.

Byggjeforbodet og krav til dispensasjon gjeld ikkje for oppgradering av eksisterande anlegg nytta til same føremål, under dette naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag som skal tene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs.

Ein minstevassføring i elveløpet vil sikra at forholda i vassdraget ikkje vil tørka ut.

Ved søk i naturbase får ein berre opp ein observasjon av ål (*Anguilla anguilla*) tilbake i 1989 elles er det ikkje kjente verna eller utvalgte artar eller naturtypar som må takast spesielle omsyn til i området.

Heile Onarheimsvatnet er i samband med kartlegging av friluftsområder i Tysnes satt til område av svært viktig verdi, og kategorisert som naturterreng.

Det ligg eit kjent opparbeid friluftsområde med køyreveg heilt frem, der ein finn lavo, bålpass og bryggjeanlegg for kanopadling mv. området er mykje brukt til undervisning. Dette området kan få litt utfordringar med bryggje- og flytebryggjeanlegget som må tilpassast varierende vassnivå.

Utover det ser ikkje Tysnes kommune at regulering av vatnet vil medføre konsekvens for ålmentas interesser. Tvert om er truleg høv vasstand ei større problem gjennom året enn låg. s

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Søknad om uttak av vatn frå Onarheimsvassdraget og regulering av Onarheimsvatnet kjem ikkje i konflikt med kommuneplan eller andre kjente planar i området

Ålmentas interesse vert etter vår vurdering ikkje sett til side som følgje av tiltaket.

#### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 19.04.2017:**

I samsvar med innstilling.